

KJERRINGNES KRAFT

13.desember
2013

Tilsvar på innkomne høringsfråsegner i samband
med høyringa av konsesjonssøknad for Kjerringnes
kraftverk i Kjerringsneselvi, Luster kommune.

NVE – Konsesjons- og tilsynsavdelingen
Postboks 5091
0301 Oslo

Bergen/Kjerringnes 13.12.2013

Kjerringnes Kraft (KK), Luster kommune. Svar frå Kjerringnes Kraft i samband med høyringsfråsegner til konsesjonssøknaden.

Bakgrunn

Vi viser til e-post datert 11.11.13, der Dykk ber om Kjerringnes Kraft (KK) sine kommentarar til desse:

1. *Luster kommune*
2. *Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane*
3. *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*
4. *Statens vegvesen*
5. *Sogn og Fjordane Energi AS*
6. *Sogn og Fjordane Turlag*

KK sine kommentarar til dei enkelte fråsegnene:

Luster kommune:

Kommunestyrevedtak 7.11.2013, sak 72/13:

1. *Luster kommune syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Kjerringnes Kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg.*
2. *Av omsyn til landskapsbiletet og biologisk mangfald bør det setjast som vilkår for konsesjon slepping av minstevassføring lik 5-persentilen sommar for perioden 1/5 – 30/9 og 5-persentilen vinter for perioden 1/10 – 30/4.*
3. *Det må setjast krav til støydempande tiltak ved val av byggjematerialar og isolasjon av kraftstasjonen. Avlaupet må utførast med vasslås.*
4. *Tilrådinga gjeld også om det skulle bli aktuelt å flytta kraftstasjonen til alternativ plassering nærmere Kjerringnes.*

Kjerringnes Kraft (KK) :

1. Det er svært positivt at Luster kommune (LK) tilrår kraftprosjektet etter omsøkte alternativ. Vi er glade for at kommunen, som den viktigaste høyringsparten, støttar prosjektet så eintydig. Dette meiner vi viser at prosjektet er lokalt forankra i Veitastrond og i Luster kommune.
2. Det er allereie teke omsyn til landskapsbilete og biologisk mangfald i søknaden og lagt inn ei minstevassføring tilsvarande 5 persentilen som LK tilrår. Dette sammen med at

vassvegen er plassert i fjell meiner vi utgjer ei viktig tilpassing i forhold til at dette er eit skånsamt, miljøtilpassa og godt prosjekt.

3. Dette er vilkår vi vil etterkomme. Som informert på synfaring med NVE er det stort sett berre grunneigarane som nyttar seg av området i dag, men det er likevel viktig for oss at det ikkje blir støyforureining frå kraftverket i etterkant av ei utbygging.
4. Det er også positivt at LK støttar opp under dette alternativet. Vi viser til oppsummeringa til slutt i høve til drøfting rundt kva alternativ KK primært ønskjer konsesjon for.

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handsama sak 101/13 i møte den 06.11.2013 og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Kjerringsnes kraftverk, Ugulsvik kraftverk og Storelvi Øvre kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser.

Fylkeskommunen rår til at det vert gitt konsesjon, på slike vilkår:

For Kjerringnes kraftverk skal det leggast vekt på støydemping slik at støy ikkje får bre seg utover vatnet.

Kjerringnes Kraft (KK) :

Det er svært positivt at også Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane (FK) tilrår kraftprosjektet etter omsøkte alternativ. Som skildra i punkt 3 til Luster kommune er dette med støytillpassing eit vilkår vi er svært opptekne av, og som vi ønskjer å ta med vidare inn i detaljplanleggingsprosessen.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Konklusjon:

Den største konflikten for allmenne interesser ved å byggje Kjerringnes kraftverk er reduksjonen i villmarksprega naturområde, og at det blir synlege inngrep i natur som i dag framstår som i stor grad urørt og utgjer eit inntrykksfullt landskap. Med dei løysingane som valt for prosjektet vil vi likevel ikkje gå i mot søknaden.

Kjerringnes Kraft (KK) :

Det er positivt at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FMSF) er einig i at dei tilpassingane som er gjort i prosjektet medfører at Kjerringnes kraftverk er eit prosjekt dei ikkje vil gå i mot. Vi oppfatta også at FMSF vart ytterligare overtydd om dette på synfaring med NVE. Vidare merka vi oss at dei også hadde eit ytterligare formildane syn i forhold til ei eventuell alternativ plassering av kraftstasjon nærmare Kjerringnes. Denne alternative plasseringa vil bli omhandla under oppsummeringa under.

Statens vegvesen:

1. Ved all bygging/utbetring av tilkomstveg må det søkjast Statens vegvesen om eventuelt utvida bruk av eksisterande avkjørsle, eller om ny avkjørsle frå fylkesveg 337.

2. *Ei eventuell føring av tilløpsrør langs veg må ikke komme nærmere veg-skulder/fylling enn 1 meter. Ynskjer de likevel å føre tilløpsrør nærmere enn dette eller inn på Statens vegvesen sin eide dom, så må de søkje om dette. Ynskjer de å krysse fylkesvegen må de søke om dette.*

Kjerringnes Kraft (KK):

1. Ok. Før KK startar opp med detaljplanarbeidet blir det naturleg å gjennomføre eit møte med vegvesenet om dette slik at nødvendige søknadar blir innsendt.
2. Dette angår ikkje Kjerringnes Kraft.

Sogn og Fjordane Energi:

1. Dagens sentralnett mellom Ørskog og Aurland har i dag ikkje kapasitet til meir ny produksjon før nødvendige tiltak er gjennomført. Statnett, Istad Nett og SFE Nett orienterte NVE om dette i brev datert 01.04.2009. 420kV Ørskog-Sogndal vil avhjelpe denne flaskehalsen. Ei nærmare orientering om nettkapasiteten for ny produksjon i Indre Sogn vart gjeve av Statnett i brev til NVE 02.07.2013. Kort oppsummert må 420kV Ørskog-Høyanger være sett i drift samt Sogndal stasjon med tilhøyrande SVC-anlegg før Fardalen Kraftverk kan koblast til nettet. Ørskog — Sogndal er under bygging, men framdrifta er framleis usikker.
2. Det er og ein mogeleg flaskehals i sentralnettet mellom Leirdøla og Fardal/Sogndal ved auka produksjon under sentralnettpunkta Leirdøla og Fortun. I nemnde brev (02.07.2013) vurderer Statnett ledig kapasitet her til 100MW, med den føresetnad at også systemvern (PfK) vert nytta. Det er isolert sett rom for dei fire konsesjonssøkte kraftverka, men ikkje samla konsesjonsgjeven og —søktmengde. Nettkapasitet her må derfor avklarast nærmare med Statnett om konsesjon vert gjeven.

Kjerringnes Kraft (KK) :

1. Vi har gjennom informasjon og dialog med Statnett fått kjennskap til at Ørskog-Sogndal (Fardal) skal spenningsetjast i 2016, og dette vil då harmonere tilferdstillande med framdrifta for ei utbygging av 66 kv-linja mellom Hafslø og Veitastrond som KK skal knyttast til.
2. Vi har gjennomført møte med Luster energiverk om dette i desember 2013. Vi er kjent med at det er ledig kapasitet mellom Leirdøla og Sogndal på ca. 100 MW, og med dette som utgangspunkt veit vi at det er ledig kapsitet for Kjerringnes kraft føresett at vi får ei positiv avklaring innanfor tidsestimatet NVE opplyste om på synfaring i haust for prosjektet.

Sogn og Fjordane turlag (SFT):

1. *Sjølve tiltaksområdet er ikkje av vesentleg verdi for friluftsinteresser, men tiltaket vil influere på svært viktige landskapsverdier som også er vesentlege for friluftslivet i turlaget sine framtidige virkeområder. Området ligg i randsona til Jostedalen nasjonalpark og vert godt synleg i ein av innfallsportane til denne. Med ein nyoppsett DNT-hytte som no er under planlegging på Tungestølen, vil tiltaket i sterkare grad kunne påvirke generelt friluftsliv i området t.d padling på Veitastrondsvatnet og sykling langs riksvegen. Kajakkpadling er satsingsområde både i Luster og Sogndal sine turlag.*
2. *Bevaring av INON-område er ei politisk målsetting. INON-tap grunna kraftutbygging vert samla sett stort i området grunna mange småkraftutbyggingar. Vi meiner det er meir rettvist å satsa på dei lokale utbyggingane som alt har fått konsesjon, dei som krev lite tap av inngrepsfri natur og dei som meir direkte kan vere samfunnsnyttige for lokalsamfunnet Veitastrond. Av desse grunnane, og sumverknadane, er vi svært kritiske til denne utbygginga.*

Kjerringnes Kraft (KK):

1. Som vist på synfaringa er ikkje området spesielt nytta i tur- og turistsamanheng, og i all hovedsak er det berre grunneigarane som nyttar seg av området. Vi meiner likevel å tilpassa prosjektet i stor grad til dei landskaps- og naturverdiane som ligg i området, slik at prosjektet ikkje vil forringe området i høve til potensielle tur interesser i framtida.
2. Vi registerer at SFT er kritiske til denne utbygginga, men som vi fekk understreka på synfaring med NVE har dei valgt å ikkje gå i mot prosjeket. Vi meiner dei mindre konsekvensane for INON og sumverknad ikkje kan vegast høgare enn alt det positive vi meiner Kjerringnes Kraft representerer.

Oppsummering/Avsluttande kommentarar

Vi registrerer at ingen av høyingspartane er negative til Kjerringnes Kraft og at både kommunen og fylkeskommunen er positive til tiltaket.

Vi har fått innspel om tiltak for støydemping til prosjektet, og kjem til å følge dette opp under ein eventuell detaljplanprosess. Når det gjeld kraftstasjonsplassering er det ingen av høyingspartane som tek opp dette i noko spesiell grad. Som vi viste på synfaring med NVE 31.10.2013 er det også eit alternativ å leggje utløpet lenger sydover mot Kjerringnes. Eit slikt alternativ medfører litt lenger og dyrare vassveg, men samstundes er dette eit enklare område å byggje kraftstasjon på. Vi opplevde at høyingspartane (kommunen, Fylkesmannen sin representant, mfl) var positive til eit slikt alternativ og har difor bedt Sweco og Tor Gjermundsen om å sjå nærmare på dei ulike kraftstasjonsalternativa. Vi presenterer desse i vedlagt notat; Vedlegg 1.

I utgangspunktet hadde vi ønskja at ein eventuell konsesjon kunne vore ”open” rundt kva kraftstasjonsalternativ ein kunne byggje ut, slik at ein gjennom seismikk- og deltajundersøkingar kunne haft eit endå betre underlag til kva alternativ som er å foretrekke ut

i frå fjellkvalitet mm.

Vi har forståing for at NVE ikkje kan gje ein slik ”open” løysing rundt dette, men ønskjer at dykkar synspunkt rundt dette blir drøfta under eit kommande; ”Bakgrunn for vedtak...”.

Basert på vedlagt notat og synspunkt frå grunneigarane ønskjer vi med dette å fremje:

- 1. alternativ 2 A som vårt primære hovedalternativ.**
- 2. alternativ 1 som sekundært alternativ**
- 3. alternativ 2 B som vårt tertiære alternativ**

På bakgrunn av dette tilrår vi NVE å gå inn for konsesjon på Kjerringnes Kraftverk – til liks med Luster kommune og Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane.

På vegne av grunneigarane i Kjerringnes Kraft,
vennleg helsing

Lasse Opseth

Vedlegg 1: Notat Sweco